

Til elevar og føresette i 1. og 2. klasse

Bli med på utveksling skuleåret 2023/2024!

Er du klar til å delta på utvekslingsprogrammet vårt **Stranda International Programme (SIP)** skuleåret 2023/2024? Målet med programmet er å lære meir om historie, samfunn og kultur i eit anna land. Og ikkje minst, få nye venner.

Alle elevar i 1. og 2. klasse kan søke om å vere med!

Opplegget skjer i samarbeid med våre to partnerskular, den eine i Nederland og den andre i Spania. Teylingen College ligg ved byen Noordwijkerhout, mellom den Haag og Amsterdam. IES José Marhuenda Prats i byen Pinoso, nordvest for Alicante. Vi planlegg tre konferansar, ein på Stranda og ein ved kvar av partnerskulane.

Temaet for konferansane er natur- og kulturarv. Det vil dreie seg om historie, natur, gards- og matkultur. Vi besøker bedrifter og turistattraksjonar, og vi bruker mykje tid saman gjennom sosiale samkome og aktivitetar.



Planlagde aktivitetar (datoane er ikkje heilt spikra)

- 21.-28. oktober: Konferanse i Spania. 8 elevar og 2 lærarar reiser til Spania. Elevane bur hos vertsfamiliar
- 9./10.-17./18. februar: Konferanse på Stranda vgs. Elevar frå Nederland og Spania besøker oss og bur heime hos vertselevar frå skulen vår.
- April/mai (datoar ikkje fastsett): Konferanse i Nederland. 8 elevar og 2 lærarar frå Stranda vgs reiser.

Deltaking

- Du og familien får vere vertsfamile for ein gjest frå Nederland eller Spania.
- Du får delta på konferansen i Nederland eller Spania. Du bur då hos eleven som besøker deg.
- Kommunikasjonsspråket er engelsk.
- Eigenandel: 3000 kr til reisekostnader. Vertsfamilien dekker kost i heimen og losji.

Dei som er med på prosjektet seier at dei gjerne kunne tenke seg å vere med igjen!

Kontakt oss gjerne om du har spørsmål

Eva Sonja Aasen (internasjonal koordinator): 917 42 388

Søknad om deltaking i SIP (Stranda International Programme) skuleåret 2023-2024

Elev:	
Klasse:	
E-postadresse:	Telefon:
Føresett:	
E-postadresse:	Telefon:
Adresse:	

Her skriv du ei kort grunngjeving for kvifor du vil delta i prosjektet, og kva land som er førsteønsket ditt. (NB! Begrensa med plasser)

Vi (elev og føresette) har lese informasjonen om utvekslingsprogrammet og vi er kjent med at:

- ✓ Vi blir vertselev/familie for ein elev frå Nederland i veke 11 eller 12 2022.
- ✓ Eg/vår ungdom får delta på konferansen i Nederland i veke 18 eller 19 2022.
- ✓ Eigendelen er kr 2500.

Dato og underskrift elev:

Dato og underskrift føresette:

Fyll ut søknadsskjemaet og lever det i ekspedisjonen på skulen eller send det med e-post til eva.sonja.aasen@mrfylke.no innan **1. September 2023**